



Siri Hindenes
Eidavegen 302
5993 ØSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/9784 - 20/63139

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
07.10.2020

Vedtak om redusert gebyr - 21/44 Hindenes ytre

Administrativt vedtak: Saknr: 1064/20

VEDTAK

Med heimel i Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning punkt 4.10 vert gebyr for søknad om etablering av veg redusert til kr 7 700,-.

Utsend faktura på kr 35 100,- vert kreditert. Ny faktura som er i tråd med dette vedtaket vert send ut.

Saka gjeld

Tiltakshavar Siri Hindenes har i e-post av 25.09.2020 send førespurnad om fakturert gebyr i byggesak på gbnr 21/44. Ho stiller spørsmål til om gebyret for tilknytning til eksisterande avkørsle skal vera så høgt og om ikkje gebyret bør inngå i gebyret for oppføring av bustad. Kommunen vurderer førespurnaden som ein klage på gebyret.

Kommunen gav i vedtak datert 19.06.2020 løyve til etablering av frittliggande bustad, avløpsanlegg og tilkomstveg på ca 90 meter fram til bustaden. Det vart fakturert gebyr for bustad med tilhøyrande anlegg og tilkomstveg slik det går fram av gjeldande gebyrregulativ.

Følgjande gebyr vart fakturert:

Søknadspliktige tiltak		Gebyr		
Kode	Skildring	Tal	Sats	Sum
10.2.1	Bustad	1	Kr 17 500,-	Kr 17 500,-
10.2.6	Tilkomstveg	1	Kr 17600,-	Kr 17 600,-
	Totalt gebyr å betala:			Kr 35 100,-

Vurdering

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Kommunen har fakturert gebyr for byggesaksbehandlingen i samsvar med gjeldande gebyrforskrift. Det er fakturert eitt gebyr for sjølve bustden med tilhøyrande avløpsanlegg og eitt gebyr for tilkomstveg på ca 90 meter fram til eigedomen. Gebyret gjeld ikkje avkøyringsløyve slik tiltakshavar skriv.

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå.

Det går vidare fram av gebyrforskrifta, punkt 4.10, at «Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret. Fastsetting av redusert gebyret skal skje ved enkeltvedtak. «

Kommunen er av den oppfatning at det er fakturert gebyr i samsvar med gjeldande gebyrforskrift då veg og bustad må vurderast som to ulike tiltak. Vi finn likevel at det er grunnlag for å kunne redusere gebyret ut frå den samla tidsbruk som er medgått ved behandling av denne søknaden. Gebyret for behandling av tilkomstveg vert derfor redusert og fakturert i samsvar med punkt 10.2.5 i gebyrforskrifta, dvs. med kr 7 700,-.

Nytt fakturagrunnlag med redusert gebyr vert då slik:

Søknadspålitige tiltak		Gebyr		
Kode	Skildring	Tal	Sats	Sum
10.2.1	Bustad	1	Kr 17500,-	Kr 17 500,-
10.2.5	Veg	1	Kr 7 700,-	Kr 7 700,-
	Totalt gebyr å betala:			Kr 25 200,-

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delebertingsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Siri Hindenes

Eidavegen 302

5993

OSTEREIDET

Mottakarar:

Siri Hindenes

Eidavegen 302

5993

OSTEREIDET